

KULTUR

TIPS OSS!

57 83 33 33

Har du tips eller idear om lokale kultursaker vi bør ta tak i? Kontakt oss på telefon, e-post, Facebook, Twitter eller Instagram. Sjå kalender på Det skjer-sidene og på firda.no. Legg inn dine arrangement på firda.no/detskjer. E-post: redaksjon@firda.no SMS/MMS: firda.no

ADRESSER PÅ NETT:

Send inn video: firda.no/lesarvideoFacebook: facebook.com/firdamediaTwitter: [@firdamedia](https://twitter.com/firdamedia)Instagram: [@firdamedia](https://www.instagram.com/firdamedia)

Ying Xu (17) frå Førde fekk stipend på 10.000 kroner

Hobby kan bli karriere

KULTUR: Førde kulturskule hadde torsdag kveld framsyninga «Vårsprett», der Xu fekk eit stipend på 10.000 kroner frå Nordea.

SVEIN OLAV SÆTER
svein.seter@firda.no

- Eg har teikna sidan eg var fem år gammal. Eg synest det er koseleg å sitte i ro og jobbe, eg er ein litt stille person, seier Xu.

Multitalent

Ein merkbart stolt kulturskulerektor, Trude Skarvatun, fortalde frå scena korleis Xu ikkje har hatt ein einaste fráværingsdag sidan ho byrja på kulturskulen for tre år sidan, og at ho har utvikla sitt heilt eige kunstneriske uttrykk.

- Ying arbeider i det stille, men er veldig til stades, sa Skarvatun.

Det er ikkje tvil om at Xu er flink til å teikne, pengane skal ho no bruke til å lære seg å måle i tillegg.

- Eg fekk møte bildekunstnar Mona Grønstad gjennom Kulturprosjektet til Nordea, og lære av ho over fleire dagar. Då vart eg inspirert til å begynne med akvarellmåling. Det er ganske dyrt med utstyr, så prisen kjem godt med, seier Xu.

Vil jobbe med kunst og design

Xu fortel at ho teiknar eller måler to-tre timar kvar dag, og etter vidaregåande skal ho kanskje gjere karriere av hobbyen.

- Eg veit ikkje heilt kva eg skal, men når eg er ferdig på vidaregåande så skal eg fortsette med kunst, og gjerne gjere noko innan design også, seier Xu.

17-åringen snakkar med sunnfordsdialekt, men meiner språket er vanskeleg. Ho flytta frå Shanghai for berre tre år sidan.

- Skulen er slitsam, på grunn av språket, men det går greitt. Førde og Shanghai er ganske forskjellige sjølvsagt. Det er mindre folk og meir natur her, men eg liker begge byane godt, seier Xu.



ARV: - Pappa seier eg fekk talentet mitt frå han, men han kan ikkje å teikne, så eg veit ikkje heilt, seier Ying Xu og ler.

ALLE FOTO: SVEIN OLAV SÆTER



PRISSETT: Iris Loftheim frå Nordea gjev Ying Xu prisen på 10.000 kroner, mens kulturskulerektor Trude Skarvatun stolt ser på.



PÅ FÅ TIMAR: Ying Xu brukar vanlegvis eit par timar på ei sv kvitt teikning.